

**Fra:** Ottar Myrtveit  
**Sendt:** 19. august 2014 13:59  
**Til:** Sveinung Toft  
**Emne:** SV: Konesjonskrav/vurdering

Ser på skogresursane til bruka på Kvinge sør gnr 38. Etter skog og landskap sitt resurskart for skog har eg teke ut eit område på om lag 200 x1000 meter, sjå vedlegg. På desse 200 dekar er her svært mykje gamal skog av furu og lauv (bjørk), sjå vedlegg

Ein stor del av lauvskogen er hogstmoden og vil rotne på rot om den ikkje vert teken ut innan 10-20 år. Furskogen vil ikkje rotne og kan stå lenge sjølv om den også til dels er gamal. Eit grovt overslag på volumet her er ca 1000m<sup>3</sup> furu og 500m<sup>3</sup> lauvskog innanfor nemnde område. Med ein førstehandsverdi på 250kr/m<sup>3</sup> står her for 375.000,- i skog pr dd. Dette er eit min. anslag som truleg ligg nærar 500.000,- Om det er interesse for det kan her investerast i infrastruktur for inntil 250.000,- innanfor området. Utover skogresursen kjem vilt og friluftsliv.

Slik kommunen ser det er det to alternativ for å ta ut skog i området.

- Skogsveg frå innmarka på Kvinge sør langs Kvamneset og så langt inn finn turvande. (600-1000m)
- Tilretteleggja med lunnar i begge endar så ein kan kryssa Sørkvingevatnet med båt og motorkjøretøy når isen tillet det. Å fløta tømmer er eit alternativ her.

Ottar Myrtveit

*Fagkonsulent landbruk*

-----  
Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES  
Direkte: 56166272, Sentralbord: 56166200, Faks 56166201  
E-post: [ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no](mailto:ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no) Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no/>

---

**Fra:** Sveinung Toft  
**Sendt:** 23. juli 2014 13:21  
**Til:** Ottar Myrtveit; Roald Kvingedal; Terje Kallekleiv  
**Kopi:** Svein Helge Hofslundsen  
**Emne:**

Heo

Eg sender denne over til dykk til vurdering. Saksnummer er 14/767 og her ligg heile søknaden med vedlegg.

Eg vil snarast kalla inn til eit møte i august, slik at me får drøfte saka skikkeleg, og tek sikte på å få saka handsama i formannskapet den 9. september.

Fint om de vurderer om det er behov for konesjonskrav i form av avbøtande tiltak eller om det er spesielle tilhøve NVE må ta omsyn til.

Mvh

*Sveinung Toft*  
Assisterande rådmann

-----  
Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES  
Direkte: 56166218, Mobil: 409 24 790, Sentralbord: 5616 6200  
E-post...: [sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>